



Kolset Tidende



Nr 1 * Årgang 19 * Mai 2015



OPPTUR TIL RAUDALEN

17. MAI PROGRAM VED KOLSET KRINS



"SISTE PAR UT"



KUNSTKURS I KOLSET

KOLSET SENIORDANS



UTEOMRÅDET PÅ KOLSET OPPVEKST

FOLKEMØTE OM FRAMTIDA TIL KOLSET
OPPVEKST 21. MAI 2015 KL. 19.00

INFORMASJON FRÅ LAG OG ORGANISASJONAR I KRINSEN




.....TIL RAUDALEN

6. mai var nasjonal turdag for 8. klassingane i heile landet. Turane vart arrangerte av lokallaga i Den Norske Turistforening, og Keipen Turlag inviterte alle 8. klassingane i Bremanger kommune ut på tur. Svelgen har 20 elevar på dette klassesetnet, Davik 16 og Hauge 12, så det var ein stor flokk som la i veg til Raudalen.

Det var 10-årsjubileum for dette arrangementet, og over 35 000, meir enn halvparten av alle 8. klassingane i landet, fekk denne dagen med seg sosialt samvær, naturopplevingar og fysisk aktivitet. Med fokus på desse verdiane la altså nærmere femti 8. klassingar, lærarar og medlemmer i Keipen Turlag i veg til Raudalen. Vêret var litt skiftande, men det var godt brukande for glade turgåarar. Leiaren i turlaget, Kirsten Grotle, hadde hovudansvaret for arrangementet, og det var laga til quiz med premiar uttrekte på innleverte kupongar. Truleg vart det knytt nye vennskap på tvers av skulane.



Elevane i 8. klasse frå krinsen vår er Amalie, Eirin, Henrik, Hilde, Martin og Torine. Leif Jarle var med som lærar og Bjørg L. som ein av turleiarane frå Keipen Turlag. Dette var ein utfordrande tur for nokre som ikkje er så vane med fjellturar, men alle nådde målet i godt humør, og truleg er 8. klassingane i kommunen blitt litt meir kjende på tvers av ungdomsskulekrinsane. Dette var ein skikkeleg OPPTUR.



NY KAI I LEIRGULEN

Bremanger hamn v/ Monica Sande melder at den nye kaia er no ute på anbud, der fristen er 1. juni 2015. Legg ved ei enkel skisse av området, der ein kan sjå plassering av nykaia. Nærmare om denne delen av kaiprosjektet finn ein på www.doffin.no ved å søke på Leirgulen i kunngjeringsfeltet.

STYRET HAR ORDET

Det nærmar seg 17. mai, og vi skal gje ut eit nytt nummer av Kolset Tidende. Vi kan mest ikkje tru at det allereie er snart eit halvt år sidan førre utgjeving.

KKU heldt årsmøte 26. februar, og det var 15 medlemmer som møtte. Det er ein auke sidan førre årsmøte, men vi skulle sjølv sagt ønskje at endå fleire ville engasjere seg og delta på årsmøta. Bortsett frå ungdomsrepresentanten vart det inga utskifting i styret i år, for vi var så heldige at Bodil Strømmen Edvardsen og Asle Skaar tok attval. Vi takkar Sandra Leirgulen for innsatsen som representant for dei yngste, og ønskjer den nye, Elise Marie Nygård, hjerteleg velkommen.

Vi er inne i ein prosess der framtida til Kolset skule er usikker. Frå hausten 2016 er elevtalet nede i 11, og grensa for å behalde todelt skule er 13. Sidan før årsskiftet har ei nemnd sett på ulike alternativ dersom elevtalet vert så lavt. Ein har sett på fordelar og ulemper ved dei ulike alternativa, og ein er blitt ståande med tre alternativ. Desse er:

- Halde fram som før sjølv om skulen skulle bli udelt
- Flytte 5.-7. klasse til Davik eller Svelgen (behalde 1.-4. klasse og barnehagen)
- Flytte 1.-7. klasse (behalde barnehagen)

Torsdag 21. mai skal det haldast bygdemøte i Kolset (sjå eiga innkalling), og vi håper heile bygda møter opp, mann- og kvinnesterke!

Håpet vårt er sjølv sagt at ingen av alternativa skal bli aktuelle, for vi må jobbe for tilflytting. KKU har sendt brev til alle utflytta ungdomar i krinsen vår og ønskt dei velkomne attende, men det gjenstår å sjå om vi får "napp". Elles har det no blitt jobba aktivt med å få til eiga heimeside på internett, på facebook er der mykje informasjon, og ei gruppe har tankar om profilering av krinsen gjennom ein reklamesnutt t.d. om bord i ekspressbåten og/eller på ferjer og flyplassar. Det kostar mykje pengar, og søknader om støtte er sende. I tillegg treng ein bilet av den vakre naturen vår, men og av aktivitetar og dagleliv, frå alle bygdelaga i krinsen vår. Vi er sikre på at mange har slike bilet, og vi er svært takksame om de tek kontakt med t.d. Bodil eller Espen.

I fjar vår hadde vi underskriftskampanje til kommunen vedrørande den mangelfulle mobildekninga i fleire område her, og vi hadde med krav om at vi måtte bli prioriterte i høve til raskare internett. Denne kampanjen fekk god dekning i avisene, men vi får sjeldan eller aldri svar frå kommunen, så vi veit ikkje om der er gjort noko. Vi "purra" no i vinter, men heller ikkje på det har vi fått tilbakemelding.

Akkurat no i det siste har det blitt jobba med å oppgradere sandvolleyballbana. Sanden der pakka seg og vart steinhard, så no er ca 20 kubikk av sanden blitt køyrd til Gloføkje, og ny og meir eigna sand kjem på plass denne veka. Då må det dugnad til for å alt i orden. Dugnad må det og til på badestranda og på Tongane, så vi håper mange vil delta når desse blir annonserte.

Vi skulle ha skrive om endå fleire av sakene våre, men vi får komme attende i julenummeret. Særleg spennande er det å sjå kva bustadgruppa vår kan få til. Vi får ikkje tilflyttarar viss vi ikkje har hus å tilby dei. Ikkje stuss på å ta kontakt med oss dersom de har idear eller veit om noko vi burde ta tak i.

No ønskjer vi dykk alle ei fin 17. maifeiring og ein varm og god sommar!

Beste helsing frå styret i KKU

Verv	Namn	Telf.	e-post
Leiar:	Kjell Leirgulen	48996916	k-leirgu@online.no
Nestleiar:	Bjørg D. Lofnes	95815428	bjoerglo@hotmail.com
Sekretær:	Bodil Strømmen Edvardsen	90477330	bodil6900@gmail.com
Styremedlem:	Thomas Leirgulen		thomasleirgulen@gmail.com
Kasserar:	Asle Skaar	90935015	a-k-skaa@online.no
Varamedlem:	Espen Gulliksen	47466663	espen.gulliksen@yahoo.com
Ungdomskontakt:	Elise Marie Nygård		

KKU redaksjonen rettar samtidig ei stor takk til alle i krinsen vår for det arbeidet som dei legg ned i dei ulike lag og organisasjonar. Dette har «bygda vår» stor glede av😊



Program 17. mai Kolset

- Kl 1130 Gudsteneste i Rugsund kyrkje m/kranspålegging på bautaen
- Kl 1300 Tog fra SFE til oppvekstsenteret m/Smalsarhorn skulemusikk
- Kl 1400 Rømegraut og open kiosk
- Kl 1500 Leik og moro for små og store
- Kl 1630 Kaffi og kaker med bl.a tale, premieutdeling og underhaldning.

Dersom nokon ynskjer drosje til eller fra kyrkja, ring Per-Helge på tlf 416 39 102.

Velkommen til ei trivelig 17. mai feiring i Kolset krins



"SISTE PAR UT"

Av dei fire utanlandske para som går på norskurs med Lofnes språk og sport, er dei tre andre presenterte i tidlegare nummer av Kolset Tidende. No er turen kommen til Joanna (26) og Michal (34), som bur i Leirgulen i huset til Anette Midtbø. Michal arbeider i firmaet Leirgulen skog og gartneritjenester, og Joanna håper å få seg jobb i nærmiljøet.



Joanna kjem frå Ostrøda som ligg nordaust i Polen. Byen har ca 35 000 innbyggjarar og ligg vakkert til ved ein stor innsjø. Derfor er byen eit populært turistmål. Det tek om lag 3 t å køre til hovudstaden Warszawa. Joanna er einebarn og kunne bu heime medan ho gjekk på vidaregåande. Det kunne ho halde fram med som student, sjølv om universitetet ligg i ein annan by. Etter å ha studert polsk språk, litteratur og kultur i 3 år, var det tid for eitt års pause frå studiane. No hadde ho nemleg møtt Michal, som på den tida budde og jobba i Irland. Han hadde eige firma og trøng arbeidshjelp, så dei gifta seg, og det vart opphold i Irland for Joanna og. Snart vart lysta til å studere vidare stor, det vart to nye år på universitetet, og mastergraden var sikra.

Dessverre er det ikkje så mange jobbar i Norge for

ei med mastergrad i polsk, men når Joanna har lært seg godt norsk, kan ho kanskje jobbe med omsetjing av norske bøker til polsk. Ho les mykje og kunne godt tenkje seg å halde på med litteratur på heiltid, men no har det å komme seg ut og få snakke norsk førsteprioritet.

Michal kjem frå Sochaczew, 60 km frå Warszawa, og byen er litt større enn den Joanna kjem frå, "men ikkje så fin", slår Joanna fast. Etter vidaregåande gjekk vegen til ein landbrukshøgskule, og der studerte han skogbruk. Studiet tok 5 år, men arbeidet han fekk som skogvaktar, var dårleg betalt, og det freista med jobb i utlandet. I første omgang vart det jobb på ein fabrikk i Irland som jobba med å montere kjøleaggregat i store bilar, men etter ei tid starta Michal eige firma. Då kunne han få drive med det han var utdanna til, og både faren, to fetrar og Joanna jobba ei tid i firmaet. Dessverre vart det nedgangstider i Irland, og det vart vanskelegare å få oppdrag, så etter ca tre år måtte han avslutte firmaet.

På nettet fann Michal ein skogsarbeidarjobb i Tromsø, og han slo til. Joanna kom på besøk i sommarferien, så ho og har budd nokre månader i der. Seinare vart det sesongarbeid som vegarbeidar i Trondheim, men Michal liker best arbeid i skogen, så då han såg annonsen til Leirgulen skog, søkte han og fekk jobben. Den første tida budde han i ei hytte på Davik, men så kunne han flytte til Leirgulen saman med Joanna. "Her er beste plassen å bu," seier Michal. Denne våren kjøpte dei båt som dei må gjere litt med før han kan setjast på sjøen, men særleg Michal ser veldig fram til fisking og andre båtturar. Joanna er litt meir tvilande, for ho har litt sjøverk og kan heller tenkje seg fjellturar. KKU håper Joanna snart får seg jobb, og at dei begge kan vere einige i at "her er beste plassen å bu."

ARRANGØRMÅNADER 2015 I KOLSET KRINS

Mai:	17. mai komiteen
Juni:	Til disposisjon
Juli:	FRI
August:	Leirgulen Idrettslag
September:	Rugsund Sanitetsforening
Oktober:	Smalsarhorn Skulemusikk
November:	(RUL) Musikkverkstaden
Desember:	Rugsund Skyttarlag

KUNSTKURS I KOLSET

Akvarellspesialisten Britt Midtbø runda 70 år 6. februar, og dagen etter gjorde ho eit 20-tals heilt uerfarne på området til stolte "nestenkunstnarar". Tidsramma var 4 timer med god matsokt undervegs, så vi er både imponerte og takksame for måten ho ville feire dagen sin på.



Britt har vore lærar i kulturskulen, og i den samanheng har ho investert i alt som skal til for å lage akvarellar. Derfor kunne vi møte opp med to tome hender, positiv innstilling og aller helst - god konsentrasjon. Opplegget var systematisk og etter steg for steg-metoden, så vi mista ikkje motet. Nei, vi rett og slett kosa oss og fekk ei lita meistringskjensle etter kvart som bileta tok form. Når vi så vart serverte nydelege smørbrød, kaffi og kaker, vart dette eit av dei kjekkaste kursa vi har vore på.

Klokka gjekk berre så altfor fort, så det vart sjølvsgått litt tidsnaud mot slutten, men då trøysta Britt oss med at vi kunne legge att produkta våre, så ville ho sjå om det kunne gjere seg med litt finpuss av henne. Ho kunne i tillegg fortelje at ho hadde tinga paspartout og rammer til bileta våre, og alt dette ville ho spandere på oss.

Bursdagsbarnet gav altså gâve til oss! På biletet er nokre av kursdeltakarane samla heime hos Britt. I stova deira stod bileta våre utstilte, og jammen vart vi imponerte over kva vi og Britt hadde fått til. Kanskje lesarane av Kolset Tidende tenkjer det same? Tusen takk, Britt!

KOLSET SENIORDANS

Kolset Seniordans er no registrert i Brønnøysundregistrene slik vi er pålagd.

På årsmøtet vart Brita attvalt som leiar og Magnar Storøy nestleiar.

Styret har slik samansetjing :

Leiar Brita Haugland

Nestleiar Magnar Storøy

Kasserar Paul Midtbø

Sekretær Åshild T. Leirgulen

Medlem Bjørg D. Lofnes



Kjekt å få nye medlemmer, og vi er no 29 stk. Vi har framleis plass til fleire, og dei som ynskjer å vere med, er hjarteleg velkomne.

Vi dansar om lag to timer annankvar tysdag , med eit lite sosialt samvær med kaffipause ,mellan øktene. Det er dagens høgdepunkt!

Bjørg og Åshild har gått tre danseleiarkurs, og til hausten håpar vi fleire vil kurse seg .Vi har lært fleire nye dansar dette året, og endå fleire står for tur.



Dans er trim både for hjerne og kropp. Og som helseminister Bent Høye, sa det : "Folkehelse på sitt beste".

Den 2. juni er sumaravslutning, Då reiser vi på tur til Åheim, nærrare sagt til Kvilehytta. Der får vi kjøpt god mat og får høve til å svinge oss litt. Om nokon har lyst å bli med på tur, er de hjarteleg velkomne. Nærare opplysning får de ved å kontakte ein av styret. Kolset seniordans er nokre glade dansarar, som gler ser til tur.

UTEOMRÅDET PÅ KOLSET OPPVEKST



Hjarteleg takk til alle

som har vore med å gitt uteområdet vårt eit flott løft denne våren! Frå Rugsund Sanitetsforeining fekk vi kr 7000,- til innkjøp av lavvo. Den har vi allereie nytta i over ein månad. Det har vore fint å ha ei «varmestova» når ein er ute og det er surt vær, eller ete lunsj og ha lesestunder i lag.

Flott var det å få sitjeunderlag og drikkeflaskar med SFE og tau med K. Strømmen A/S. Hjelp har vi fått med boring, skyting og trefelling m.m.

Foreldre, besteforeldre og andre bygdefolk har stilt på dugnad i ulike samanhengar og bidrøge til felles beste.

Og meir dugnad vert det i nær framtid for å få måla hytta og få på plass nye fotballmål

Helsing små og store på Kolset oppvekst



HJEMMESIDA VÅR, www.kolsetkrins.no

trenger litt oppussing på enkelte av sine sider. Ein av ideane er å skrive litt om, og finne noen fine bilder av, hver enkelt bygd i krinsen. Fra Elde til Bortnen, og fra Skatestraumen til Blålida.

Videre vil vi bitledleg presentere bygdene på alle mulige måtar; aktivitet, næring, sosialt, idrett, musikk, fiske, jakt, bilberging, båtliv, lamming, skule, bygdefest, bading, m.m.

Derfor ber vi om hjelp frå publikum til å framskaffe nokon fine bilder av stadane og livet i krinsen vår. Vi går og med tanke om å lage en markedsføringsbulletin som kan rullere på Facebook, og ber samtidig om å få lov til å bruke bildene vi får inn også til dette. Bilder kan sendes til espen.gulliksen@yahoo.com

SANITETKVINNENE I RUGSUND er få, men yter mykje til bygdene våre.

Den tradisjonelle basaren til Rugsund sanitetsforening fell i år på september månad. Sanitetten set umåteleg stor pris på all hjelp frå ungdomen i bygda ved basararrangementet.

Tusen takk!

For styret Sonja Kolseth

VELKOMNE TIL RUGSUND KYRKJE VÅREN OG SOMMAREN 2015

14. mai kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste v/Kirsti Sørnes

Offer til konfirmantarbeidet

17. mai kl. 11.30

Gudsteneste

v/Rolf S. Eikum

Utstyr til kyrkja



Friluftsgudsteneste

Kyrkjetomta på Rugsundøy 16. august kl. 12.00

v/Kirsti Sørnes

Offer til Sjømannsmisjon

Det er mange friluftsgudstenester i Bremanger kommune i sommarhalvåret. Vi viser til oppslag, til kyrkjebladet og til kyrkja sine heimesider <http://www.bremangerkyrkja.no/> for meir informasjon.

VEL MØTT!

INNSAMLINGSAKSJON TIL SALMEBØKER I KYRKJA

Rugsund sokneråd har som mange veit, sett i gong ein innsamlingsaksjon til innkjøp av nye salmebøker. Sidan starten, rundt 20.mars, har det jevnt og trutt kome inn pengar på konto. Folk har vist seg å vere svært rause, og har gitt så det så det monar.


Soknerådet vil nytte høve og **TAKKE ALLE SOM HAR BIDREGE.**

Vi er godt på veg mot målet: kr 12000, men vi er der ikkje enda. Derfor håpar vi at fleire kan tenke seg å bidra.

Ei salmebok kostar kr 300. Soknerådet har kjøpt inn 30 ordinære salmebøker, og 10 med stor skrift. Dei er på plass i kyrkja, og erstattar dei gamle.

Dei fleste av dei gamle salmane som vi kjenner og er glade i, finn vi også i dei nye bøkene. I tillegg finn vi nye salmar frå inn- og utland.

Så om du, eller din huslyd, vil gje til ei salmebok eller eit bidrag til ei bok, er vi på vegne av Rugsund sokn takksame for det. **KONTONR 3790.17.09271**



På felles soknerådsmøte nyleg, med Midtgulen, Ålfoten, Davik og Rugsund vart det vedteke og prøve og få i stand felles salmekveldar i dei ulike kyrkjene. Dette for å bli kjende med dei nye salmebøkene, som no alle kyrkjelydane i desse sokna etterkvart tek i bruk.

Mvh og takk
Rugsund sokneråd

LEIRGULEN IDRETTSLAG (LIL)

Fjelltrimmen / Barneløypene:

Vi er i gong med å bytte bøkene på dei ulike turpostane.

Trimåret og poengsankinga for 2015 går fra 1.mai 2015 til 1.mai 2016.

Dersom du skriv deg inn i ei bok som ikkje er bytta enno, vil poenga dine likevel verte overført til rett år!

Nye postkasser er på veg til Kyrahaugen og Raudalen, versikre kasser av same type som vi har på Troda, Søndstua og Raudalskammen.

Kasse og bok på Kyrahaugen vil verte flytta frå Svein Inge sin mur til nokre gamle murar ikkje langt frå hytta hans.
Svein Inge har teke på seg jobben med å flytte kassa:)

Kasse og bok i Raudalen vil verte flytta frå Per Helge sin utedo til ein varde eller mur i nærleiken. Når vi flyttar kassa, legg vi beskjed i muren om kvar du finn den nye boka!

Dersom det er nokon som har ein god ide om ny plassering av kassa i Raudalen, og som kanskje kan hjelpe til med å setje opp den nye kassa, er vi veldig takksame for det.

Fjelltimen har bøker på følgjande turmål:

Troda (varden)	10 poeng
Raudalskammen (varden)	7 poeng
Søndstua (varden)	5 poeng
Raudalen (skal flyttast til varde/mur)	3 poeng
Raudehaugen (hytta til Åshild, postkasse)	3 poeng
Huldrehaugen (utedoen)	3 poeng
Kyrahaugen (skal flyttast til gamle murar)	3 poeng
Skaravatnet (hytta til Knut)	2 poeng
Gloføykvatnet (postkasse i løypa ved vatnet)	2 poeng
Heidasteinane (postkasse, stien til Djupedalen)	2 poeng
Tongane (bislaget på forsamlingshuset)	1 poeng
Djupedalen (hytta til Bjørg og Johan)	2 poeng
Skatestrommen/Nygård (på stien mot Nygårdssetra)	1 poeng

Barnefjelltrimmen har bøker på følgjande turmål:

Tongane (bislaget på forsamlingshuset)	3 poeng
Hagen (skogsvegen frå lada til Solfrid)	1 poeng
Storfurua (ovanfor Tordis, i løypa frå barnehagen)	1 poeng
Hakkebakkeskogen (Stranda, løypa frå trimstova)	1 poeng
Øyna rundt (midtvegs i løypa, start ved Magne)	1 poeng
Vågen/Ranhøgda (start ved garasjen ved kyrkja)	1 poeng
Holten i Leira (i løypa mot Heidasteinane)	1 poeng
Mummisteinen (start ved grinda i Rabben)	1 poeng
Brauta (Blålida, løypa startar ved Geir)	1 poeng
Bortnen (skogsvegen mot Bortnestøylene/Skaravatnet)	1 poeng
Skatestrommen/Nygård (start ved avkjørsla til Jan Inge)	2 poeng

Offisiell" opning av løypa Blålida - Troda:

No er informasjonsskiltet til løypa klart - det vert sett opp ved vegen hos Geir i Blålida, forhåpentligvis før sommaren.

Opning av løypa er planlagt laurdag 22.august, dersom fint ver. Vi går frå Blålida kl.10, og håpar på stor oppslutnad! Ta med mat og drikke og solkrem, og bli med på familietur.

Hjartestartarkurs på Kolset:

Dato for kurset er sett til måndag 18.mai kl.17.

Kurset tek tre timer, og kostar kr.400,- Maks.antal deltagarar er 12 pers.

Påmelding innan 14.mai til Merete Kolseth 57793182 / 90998469 meretekolseth@gmail.com

Myggfeller Kolset:

Det er snart klart for utplassering av dei to myggfellene på Kolset.

Det er Sigitas som tek over etter Asle som "myggfelleansvarleg" denne sesongen.

Styret i LIL ser slik ut for 2015:

Merete Kolseth	leiar
Ellen Isane	nestleiar
Marie Laugerud	skrivars
Svein Klævold	kasserar
Åsmund Bortne	styremedlem

Nytt fra fotballgruppa i LIL:

Fotballgruppa i LIL samarbeider f.t. med Davik IL og Ålfoten IL på flere plan. Vi har først og fremst tatt ansvar for jentefotballen i kommunen, og har også med oss spillere fra Svelgen.

For jenter i alderen 11 - 14 år stiller LIL med fire lag i seriespill, og teller tilsammen 35 - 40 spillere. De har trent i hele vinter, og har startet sesongen forrykende bra. På 10 kamper har de vunnet 7 og tapt 3.

Guttene fra bygda i alderen 11 - 16 år spiller enten for Svelgen eller Bremanger da de vil spille 11'er-fotball.

For de yngste i LIL det samarbeid med Svelgen om spill i fotballkretsens cup-turneringer.

Espen Gulliksen


Trener

Smalsarhorn skulemusikk rette ein stor takk til alle som ha støtta oss gjennom 2014 og 2015!

Gla 'gjengen syns det er utruleg kjekt for at nye og nye «gamle» medlemmer er kommen tilbake og spelar med oss i korpset! Vi treng alle!

Puss gjerne støv av «gamal» kunnskap og ta instrumentet fram att & Kom på øving!

Meld deg som «ny» aktuell musikant.



Om du ikkje har spelt eit instrument, men ynskjer korps i krinsen vår, er det alltid noko å bidra med av praktiske oppgåver.

Eller registrer Smalsarhorn skulemusikk som mottaker av din Grasrotandel - eit godt økonomisk bidrag

Ta kontakt med Beathe, Marie L., Merete K., Bodil eller Anette i styret.

RUGSUND OG LEIRGULEN BÅTFOREINING

Styret er samansett slik:

Leiar	Magnar Storøy
Nestleiar	Jan Terje Kolseth
Sekretær	Johan Lofnes
Kasserar	Olav Bortne
Styremedlem	Bjørn Leirgulen og Arnid Strømmen
Vara	Øystein Kolseth

Styret melder om bygging av lagerbygg og utlegging av flytebrygge med 9- 10 nye plassar i 2015.

MUSIKKVERSTADEN (RUL) ♪♪♯♪♪♪♪♪♯♪♪♪♪

ønsker å lufte interessen blant barn og unge fra hausten 2015 av.

Vi tenker å starte opp rundt 1.oktober, og vil tilby følgende om der er interesse:

- *gitar
- *tromme/rytme
- *tangentinstrumenter
- *sang

Instrumentopplæring er fra 3. Klasse og oppover, sang fra 1. Klasse og oppover.

Vi ønsker tilbakemelding på e-post; ir-storo@online.no innen 15. Mai om dere ønsker noen av alternativene. Dette for at vi kan planlegge og skaffe instruktører.

Håper på mange svar :)

Med helsing

Styret ved Irene

Styret er samansett slik:

Leiar: Anita S. Bortne
Nestleiar: Rune Leirgulen
Kasserar: Elisabeth Klævold
Sekretær: Irene Storøy
Styremedlem.: Roy Cato Edvardsen

HUSSTYRET 2015

Leiar:	Reidar Nygård
Nestleiar:	Carla Adrichem
Sekretær:	Bjørg D. Lofnes
Kasserar:	Elisabeth Klævold
Representant for skulen:	Bjørg S. Olsbø
Vararepresentantar:	Per Inge Solvang og Monica Veines Leirgulen

Planar for 2015

- Få orden på det store kjøleskapet - kanskje kjøpe eit mindre i tillegg
- Vurdere innkjøp av nytt utstyr
- Ha på plass benkane og urnene til 17. mai
- Saman med driftssjef, kalle inn til formannsmøte og setje opp sakliste
- Arrangere dugnad i januar
- Administrere utlån av utstyr

AKTIV UNGDOM

UNGDOMSKLUBBANE I BREMANGER.

Invitasjon til CAMP NATURE YOUTH for ungdom i alderen 13 - 17 år.

Sted: Svelgen, vi bor i lavvo\telt.

Tid: 22 - 28 juni 2015. GRATIS☺

Du vil møte ungdom fra Israel, Georgia og Tyrkia.

Info møte på Davik ungdomsklubb 21 mai kl. 18.00.

Interessert? Ønsker mer info, ta kontakt med Anita 95985267



Innbyggjarar i Kolset krins

Vår ref.
14/2237-5/K2-A20//KVF

Dykkar ref.

Dato:
14.04.2015

Innkalling til bygdemøte vedkomande framtida til Kolset oppvekst

Bremanger kommune inviterer til bygdemøte om framtida til Kolset oppvekst.

Tid og stad

21.mai 2015 kl. 19.00 ved Kolset oppvekst.

Formål med bygdemøtet

Orientering om ulike modellar vedkomande framtida til Kolset oppvekst.

Vi håpar at så mange som mogleg har høve til å vere med på bygdemøtet om framtida til Kolset oppvekst.

Vel møtt.

Med helsing

Karl Vidar Førde
Ordførar